

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-223, FA-U01
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 22.11.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
074/22	Utval for næringsutvikling og drift	07.12.2022

**Søknad til Næringsfondet - ZingZang AS - SØKNAD - NÆRINGSFOND - ALVER KOMMUNE
Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

SØKNAD – NÆRINGSFOND – ALVER KOMMUNE vert ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringsutvikling og drift 07.12.2022:

Handsaming:

Stian Lavik-KRF og Yngve Walaker-FRP var inhabile i saka - sjå merknad i protokollen.
Olav J. Myhr-KRF erstatta Lavik i utvalet.

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg.

ND- 074/22 Vedtak:

SØKNAD – NÆRINGSFOND – ALVER KOMMUNE vert ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn:

ZingZang AS er eit aksjeselskap. Bransje: 90.020 Tenester knytt til underhaldningsverksemd. Registrert 20.08.2021.
Kjelde: Proff.no

Saksopplysningar:

ZingZang AS er lokalisert på Flatøy og tilbyr tenester innan produksjon og utgivelse av ny musikk, konsertproduksjon, rådgjeving og management, komposisjon, samt kursverksemd.
Målgruppa er barn og unge. Selskapet vart etablert i 2021. Selskapet ønskjer å byggje arbeidsplassar innan kulturnæringa.

Om prosjektet:

ZingZang ønskjer å vere eit kraftsenter innan satsing på komposisjon og produksjon av ny musikk for barn og unge i Norge. Verksemda ønskjer at sjøboden, lokalet dei heldt til i, og kulturverksemda kan bli ein møteplass for dette miljøet. Verksemda ønskjer å satse på variert og profesjonelt kulturtilbod lokalt, kompetanseutvikling og satsing på kreativ næring og nye arbeidsplassar. Verksemda søker om tilskudd frå næringsfondet, for å kunne ta nye steg etter ein utfordrande, men også spennande oppstartsfasen.

Prosjektleveranse/Målsetting

Verksemda har mål om å auke antall hele årsverk med 50%, og tilby jobb og oppdrag til unge kunstnar i etableringsfasen.

Prosjektøkonomi:

Prosjektnavn	Prosjektkostnad	Søknadssum	Framlegg
Søknad Næringsfond Alver kommune	560 000	280 000	0

Vurderingsgrunnlag

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for Næringsfondet og vert vurdert ut frå føremål og målsetting. Det vert gjort ei heilskapleg vurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til entreprenørskap og auka sysselsetting i kommunen.

Vurdering:

Alver kommune ser positivt på at ZingZang ønskjer å skape vidare vekst i verksemda, men vurderer søknaden til å gjelde søknad om midler til generell drift framfor at dette dreier seg om eit konkret utviklingsprosjekt.

Kostnader knytt til lønn til nye tilsette er driftskostnader.

Etter ei samla vurdering ligg prosjektsøknaden utanfor næringsfondet sine vilkår, jamfør vilkår 6.4, kor stønad skal nyttast til utviklingsprosjekt, og ikkje til ordinær drifts- og vedlikehaldskostnad. Søknad om støtte til prosjektet SØKNAD – NÆRINGSFOND – ALVER KOMMUNE vert avslått og prosjektet vert ikkje tildelt midlar frå næringsfondet.

Vedlegg:

Vedlegg i saken:

01.11.2022	Soknad-2022-0061	1827013
01.11.2022	ØKONOMIPLAN 2023 - 2025	1827014
01.11.2022	ZingZang AS	1827015